

Presseinvitasjon: Mæland til Genève

Næringsminister Monica Mæland deltek på EFTA-møte i Genève førstkomande måndag. Her vil medlemslanda diskutere blant anna brexit, TTIP og handelsavtaler.

- Som ein liten og open økonomi er Noreg heilt avhengig av å handle med andre land. Gjennom Efta får vi tilgang til nye marknader, seier Mæland.

- Brexit blir eit viktig tema på ministermøtet. Storbritannia er ein svært viktig handelspartner for oss, og vi må finne ei samarbeidsform som varetek Noreg og dei andre EFTA-landa sine interesser på ein god måte, seier ho.

Mæland vil vere tilgjengeleg for pressa over telefon. Ta kontakt med kommunikasjonsrådgivar Christine Spersrud Haug for å gjere ein avtale. Presse som ynsker å møte Mæland i Genève burde ta kontakt straks.

Når: Måndag 21. november

Kor: EFTA-bygningen, 9-11, rue de Varembé, Genève, Sveits

Pressekontakt:

Kommunikasjonsrådgiver Christine Spersrud Haug, mobil 975 26 759, e-post cs@nfd.dep.no, eller pressevakten: mobil 902 51 303 (ikke sms), e-post: media@nfd.dep.no.

[Abonner på pressemeldinger og presseinvitasjoner fra NFD her.](#)